

Rauma historielag:

ÅRSMELDING FOR 2008 OG 2009

Rauma historielag vart stifta seinhausten 2007. Vedtektene vart vedtekne 20.02.2008, og laget vart registrert i Brønnøysundregisteret. Det første styret hadde desse medlemmene:

Styreleiar: Per Arne Skomsø

Styremedlemmer: Målfrid Gjerstad, Tørris Haugan, Arvid H. Moe, Edmund Søvik

Skriftstyre: Torgeir Næss, Einar Klungnes, Asmund Kylling, John Aasen

Årbøkene:

- Årbok 2008 kom frå trykkeriet i desember 2008, og vart godt tatt imot. Boka var smålåten i omfang og utstyr, men hadde med mykje interessant lokalstoff. Salget før jul gjekk godt. Pris 200 kr.
- Årbok 2009 kom alt i november. Denne boka var større, og hadde stiv perm. Men på grunn av sterk konkurranse i julehandelen, gjekk ikkje denne årboka like godt som året før. Pris 250 kr.

Vi har eit stort lager av bøker, og det kan vel hende vi får eit vedvarande salg av årbøkene.

Kulturminnedagen:

- Rauma historielag tok del i markeringa av kulturminnedagen i september 2008 i lag med lokale aktørar i Rødven. Temaet var leikar i gamle dagar, og arrangementet vart lagt til Skolehagen museum i Rødven.
- Kulturminnedagen i 2009 vart gjennomført på Sagelva vasskraftsenter. Historielaget var med i planlegginga og gjennomføringa (programleiar), og arrangementet vart kåra til det beste i landet.

Andre skrifter:.

Historielaget har fått støtte frå Landslaget for lokalhistorie, Rauma kommune og Isfjorden skole til å utarbeide eit undervisningshefte knytta til jernalderhuset i Isfjorden. Heftet vil heite "Fra HENfarne tider", og vil bli ferdig i vår. Produksjonen av heftet kostar ikkje noko for historielaget, og hefte vil bli stilt gratis til disposisjon for elevar i skolen.

Heimeside:

Eirik Hoem har fått oppretta ei heimeside, men denne er ikkje teken skikkeleg i bruk. Her er det rom for utvikling !

Økonomi:

Økonomien går rundt, men ikkje meir enn så vidt. Vi har likviditetsproblem når trykkeriet skal ha pengane sine.

Medlemmer;

Ved årsskiftet 2009-2010 hadde vi 50 medlemmer. Det er altfor lite. Med eit større medlemstal ville likviditeten vore betre. Medlemsverving blir ei oppgåve i 2010.'

Rauma historielag:

PLAN OG BUDSJETT 2010

PLAN 2010

- Medlemsverving. I år må vi runde 100 medlemmer.
- Aktiv heimeside. Gjere heimesida oppdatert og tilgjengeleg for alle.
- Kulturminnedagen 2010. Vere med som arrangør.
- Årbok 2010. Samme storleik og design som 2009.
- Romsdal.com. Yte bidrag til kulturminneregistreringa.
- Andre arrangement.

BUDSJETT 2010

Inntekter:

Medlemspengar 100 medlemmer	:	20.000
Tilskot Rauma kommune	:	10.000
Boksalg	:	50.000
Renteinntekter	:	<u>100</u>
Sum	:	80.100

Utgifter:

Trykking av årboka	:	70.000
Medlempengar Landslaget	:	600
Portoutgifter	:	2.000
Datautgifter	:	2.400
Annonser	:	2.000
Avfotografering	:	1.000
Div. utgifter	:	2.000
Bankgebyr	:	<u>100</u>
Sum	:	80.100

Dette resultatet gir oss ingen "buffer". Difor vil eit meir aktivt salg av årbøkene og medlemsverving vere viktig for å sikre økonomien.